



Oppland

Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinnelag

På teams mars 26.2.25

Tilstades: Borgny , Ingrid Marie, Kjersti, Margaret og Ingerid.

Forfall: Anne Grete. Vara vart sport, men ingen kunne.

Målet med møtet i dag var å førebu årsmøtet.

Sak 10/25 Drøfting av økonomisk situasjon

Borgny forklarar at rekneskapen er skrive av Ingrid Bardal, som brukar litt andre postar enn det ein har gjort før. Tala er derfor etter beste evne sett opp på ny. Jorunn på Bondelagskontoret er den som har tilgang til kontoen til distriktslaget.

Slik regnskapet ser ut så blir det eit underskot, men det er viktig å få informert om at 14 000 kroner frå Nøysom no har kome inn og vil bli synlege på 2025 rekneskapen. Det er også viktig å sei at Vassdrags forbundet har ytt pengar til prosjekt om vatn, men pengane kom inn på 2023 rekneskapen. Summen på 244000 for 2024 vil også gje stor momskompensasjon når den tid kjem.

Det kostar 10 000 kroner å få hjelp med rekneskapen. Kanskje er det slik at vi må vurdere om vi skal finne andre ordningar for 2026.

Sak 11/25 Positivprisen som blir delt ut på årsmøtet:

Kriterie for denne prisen er at det skal gjevast til eit medlem som har gjort mykje, som er positiv og lett kan sei Ja til å ta ansvar.

Det har kome inn fleire gode forslag frå lokallaga. Vi vurderar dei ulike, og bestemmer oss for å gje prisen til 2 driftige damer. Ein heider i form av kjevle, vert gjeve lokalt seinare til ei dame som har vore med i mange år og som har gjort mykje godt for laget og bygda.

Referent Ingerid